

# Myrkdalen Ungdomslag

## Årsmelding 2014

Styret i 2014 var samansett slik:

Leiar: Karina Tveite

Nestleiar: Kjell Nesheim

Kasserar: Lene Bystøl

Skrivar: Kristine Kvarme Ure

Styremedlem: Geir Lirhus, Gunn Hirth og Ina Tveite

Ungdomsrepresentant: Ingrid Kvarme Ure

Laget har i år hatt 7 enkeltmedlemar og 32 familiemedlemar.

Påskemarknaden var ein stor suksess, og er framleis vår største inntektskjelda. Hjarteleg takk til alle som stiller med gevinstar til loddtrekkinga, både privatpersonar og bedrifter!

Det vart dårleg oppmøte på "Hatt og brille"-vårfesten, så me avslutta kvelden tidleg.

I løpet av sommaren har me fått gjort mykje arbeid på huset. Me har hatt tre effektive dugnadsdagar til utvendig arbeid og mange timar innvendig til maling og diverse anna! Resultatet av dette vart ny kledning og vindauger på nedsida av gamlesalen, nytt scenegolv, ny ytterdør i kjellaren, nymåla toalett og "gamlekjøkkenet" har vorte rydda og pussa opp til eit kjempeflott lager. TUSEN TAKK FOR ALL HJELP ME HAR FÅTT! ☺

Hauf festen vart utsett og me prøvde difor å laga til januarfest no i januar. Det vart for få påmelde, så den vart avlyst. Hausten er tydelegvis den beste tida for dans.

Me ynskjer å takka alle som har gitt oss økonomisk stønad i 2015:

Voss Sparebank, Voss Kommune, Myrkdalen Bygdekvinne lag og 17. mai komiteen.

Utleigeprisar 2015:

Heile huset: 1500 kr (1500 kr utvask)

Ein etasje: 800 kr (800 kr utvask)

Møte: 200 kr pr møte (1000 kr for årsavtale)

Stolar: 5 kr    Bord: 20 kr    10 kuvertar (bestikk, skåler, tallerkar osv): 100 kr

Året 2015:

Påskemarknad skjærtorsdag 2. april

Vårfest med nytt tema

Hauf fest

Halda fram med oppussing inne

Laga nytt og større uteområde

- Styret